



## Fagleg nettverk innan kreftomsorg og lindrande behandling i Helse Fonna føretaksområde

Nyheitsbrev 21.06.2024

### Kjære ressursperson og leiar!

Nyheitsbrev vert sendt ut to gonger årleg. I dette nyheitsbrevet vil de finna oppsummering av aktivitetane som har vore i nettverket denne våren, informasjon om planar for hausten og aktuell informasjon frå fagfeltet.

Nettverket skal sikra samarbeid, og dei lokale nettverksmøta legg til rette for dette på ein unik måte ved at ein vert betre kjent og får ei auka forståing på tvers av kommune- og spesialisthelsetenesta.

### Kva har skjedd sidan sist?

#### Lokale nettverksmøte

Det er nå gjennomført lokale nettverksmøte i alle nettverksgruppene i vår. Dette har vore gode møte med godt frammmøte.

Tema for undervisninga denne våren har vore delt mellom to tema:

- «Pakkeforløp hjem» undervisning ved Kristin Eikill frå Kreftforeningen
- «Hva blir viktig i den psykososiale oppfølgingen for den enkelte etter alvorlig sykdom?» undervisning v/ Målfrid Eide, kreftsjukepleiar og familierapeut ved Kreftomsorg Rogaland

Alle nettverka vil i løpet av året få undervisning i begge tema, fordelt på vår og haust.

#### Fagdag i nettverket for fysioterapeutar og ergoterapeutar

Fysioterapi- og ergoterapinettverket deltok 4. juni på digital fagdag arrangert av fysioterapi- og ergoterapinettverket i Helse Bergen, med tema «fatigue» og «ivaretaking av hjelparen». Ein interessant og god fagdag med godt frammmøte frå alle delar av Helseregion Vest.

Fagdag for fysioterapi- og ergoterapinettverket i Helse Fonna vert i år arrangert 12. november. Informer din leiar og sett av datoen! Driftsgruppa er godt i gang med planlegging av fagdagen. Tema vert «fysisk aktivitet/trening og kreft». Me har allereie fått booka inn fleire dyktige foredragshaldarar.

Driftsgruppa vil elles gjerne minna ressursfysioterapeutar og ressursergoterapeutar på at det framleis er god plass i driftsgruppa, og om DU er interessert, ta gjerne kontakt!

#### Kompetansemiddel til nettverket

Mange ressurspersonar har tidlegare nytta høvet til å søkja om kompetansemiddel for å delta på kurs/konferansar. Det er ikkje lengre mogeleg.

## Planar for hausten 2024

Nettverksmøta startar opp i september. Her er oversikt over nettverksmøta hausten 2024:

Nettverksgruppe	Dato
Hardanger	24. september: Odda heimeteneste
Ytre Haugaland Midt	29. oktober: Sveio omsorgssenter
Ytre Haugaland Nord	5. november: Kopervik sykehjem
Ytre Haugaland Sør	17. september: Midt Karmøy hj.tj.
Indre Haugaland	15. oktober: Vindafjord
Sunnhordland	22. oktober: Stord, Knutsaåsen omsorgssenter

Sett av dato i kalender og informer leiar allereie nå!

Hugs at møta er obligatoriske for sjukepleienettverket.

Nettverket består av **116** ressurspersonar i sjukepleienettverket og **28** ressurspersonar i fysioterapi- og ergoterapinettverket. For meir info sjekk ut

[www.pallnet.no](http://www.pallnet.no)

**Introduksjonskurs** for nye ressurspersonar i nettverket og deira næraste leiar vert arrangert **1. oktober 2024**. Det er kommen til mange nye ressurspersonar sidan sist gong introduksjonskurs vart arrangert (januar 2023). Dei er alle velkomne, saman med næraste leiar.

**Lokal fagdag innan grunnleggande palliasjon** vert arrangert **26. november 2024**. Denne fagdagen er for alle nye ressurspersonar i nettverket og dei som ikkje tidlegare har deltatt. Sist ein slik fagdag var arrangert, var i september 2022. Når ein skal vera ressursperson på sin arbeidsstad, er det viktig å ha oppdatert kunnskap om grunnleggande palliasjon.

Meir informasjon om alle arrangementa kjem både på e-post og via KLB sine nettsider.

## Kurs og konferansar

I 2024 vert Landskonferansen i palliasjon arrangert i Bergen. Vi håper på god deltaking frå Vestlandet og frå nettverket i Helse Fonna!

Snart fullt! Så ver rask om du ynskjer melda deg på. Påmelding til konferansen via denne nettsida:

[Landskonferansen i palliasjon, 11.-13. september 2024, i Bergen](#)

## Aktuell informasjon frå fagfeltet

- [Når en av våre nærmeste dør - Helsedirektoratet](#) Brosjyren er tilbake, kan bestillast eller skrivast ut frå nettsida (Tips: dersom ein ynskjer bestilla, kan det lønna seg å gå fleire saman, det vert rimelegare).
- Etterlattermapper kan bestillast hjå KLB. Obs! Det er ny layout, men innhaldet er det same. Mappene er redigert slik at det nå er same mappe for både sjukehus og kommune.

- Høyring ute ang. nasjonal rettleiar [Begrensning av livsforlengende behandling - Helsedirektoratet](#)
- [Forhåndssamtaler - Helsedirektoratet](#) Nasjonale faglege råd er publisert på Helsedirektoratet sine sider.
- Tilskot til kommunale prosjekt - kompetansehevande tiltak for 2025:
  - [Kompetansehevande tiltak for lindrende behandling og omsorg ved livets slutt - Helsedirektoratet](#) - start gjerne arbeidet nå ang. tenkja på om/korleis kan du jobba med prosjekt i din kommune eller arbeidsstad. Spør leiaren din eller leiar i kommunen om råd! Og SPØR KLB om råd dersom du jobbar med søknad!
  - Informasjon om ulike pågåande prosjekt (vert snart oppdatert for 2024): [Kommunale prosjekt - Helse Bergen HF \(helse-bergen.no\)](#)
- [Sorggrupper.no](#) Ny nettside, her kan du undersøkje om det er sorggruppe i aktuell kommune, eller kommune i nærleiken.
- Aktuell film på kino: «Ukjent landskap»
- Nettverka i Helseregion Vest skal få ny strategi, prosessen er i gang

**Pakkeforløp heim for kreftpasientar** skal implementerast i Helse Fonna i løpet av 2024, både i spesialisthelsetenesta og i alle kommunar. Målet med ordninga er å bidra til god struktur og logistikk i helsetenesta, samt sikra tryggleik og meir føreseielege forløp for personar som lever med kreft, eller etter avslutta kreftbehandling.

Link: <https://www.helsedirektoratet.no/pakkeforlop/hjem-for-pasienter-med-kreft>

På KLB si heimeside ligg informasjon om temasida på helsenorge.no: [Ny temaside på helsenorge.no: Døden - ein del av livet - Helse Bergen \(helse-bergen.no\)](#)

Det er også link til denne temasida under «Til pasientar og pårørande».

### Hospitering

Alle ressursjukepleiarar vert oppmoda til å hospitera i løpet av ein 3-års periode (jmfr. Kompetanseplanen). De kan lesa meir om hospiteringsordninga i Helse Fonna på KLB si heimeside under Nettverk Helse Fonna.

Link: <https://helse-fonna.no/seksjon/samhandling/Documents/Hospitering/Hospiteringsordning.pdf>

## Nytt frå Kreftforeningen



[Kreftforeningen sin Stafett for livet Karmøy](#) vert arrangert 7.-8. september på Torvastad og er ein hyllest til alle som er ramma av kreft. Familie, venner, skular, foreiningar, arbeidsplassar og

andre dannar lag for ein person dei vil støtta eller minnst. Saman skal dei gå eller springa i eit heilt døgn for visa at det alltid bør vera nokon på banen for den som er sjuk.



Kreftforeningen har laga eit [Sorgkurs – fra etterlatt til etterlevende - Kreftforeningen](#). Kurspakken gjer det mogeleg å arrangera lokale meistringskurs for etterlatne. Her deltar dei beste fagpersonane i landet på sorg og sorgreaksjonar. Kurspakken inneheld fleire mini-foredrag og samtalar om sorg. Du som arbeidar med kreftomsorg og lindrande behandling, kan halda sorgkurs der du bur, i kommunen eller på arbeidsstaden. Sorgkurset er laga i samarbeid med Montebellosenteret, og med støtte frå Stiftelsen DAM.

## Nytt frå KOR

Kreftomsorg Rogaland er eit lokalt kompetansesenter for kreftpasientar, pårørande og etterlatne.

Kreftomsorg Rogaland blei etablert i 2006. Helsetenester i regi av Kreftomsorg er forskings- og erfaringsbaserte. Me skreddarsyr den psykososiale oppfølginga gjennom terapeutiske samtalar. Kreftomsorg Rogaland sin visjon er «Livskvalitet - når livet er i endring»

Heimeside: [www.kreftomsorg.no](http://www.kreftomsorg.no)

Følg oss gjerne på sosiale medium:

LinkedIn: <https://www.linkedin.com/feed/>

Facebook: <https://www.facebook.com/kreftomsorg>

Instagram: <https://www.instagram.com/kreftomsorg/>

Tenester i KOR: Me tilbyr individuelle samtalar, par- og familiesamtaler. Me har også moglegheit til å ha samtalar i heimen eller på institusjon.

«Minneboksen» for barn var eit prosjekt i både nord- og sørfylket, og blei avslutta i april i år. Me hadde seks samlingar for barn som har mista ein av foreldra i kreftsjukdom. Det blei delt mange fine minne om den dei hadde mista, både i form av bilde, brev og teikningar, som dei hadde samla i boka og boksen sin.

Homogene grupper: Det har blitt starta opp fleire mindre grupper hjå oss denne våren, og nokre av dei fortset til hausten. Me har for tida gruppe for dei som lever med kronisk kreft, unge etterlatne, barn som har mista, og mødrer som har mista barn.

Samtaleverktøy for barn og unge: I Kreftomsorg Rogaland har me sett betydninga av å ha gode verktøy som kan være nyttige i samtalar. Me har difor utvikla eit diagnosenøytralt

kommunikasjonsverktøy med hjelp av økonomiske middel frå DAM. Dette prosjektet har me arbeida med heile våren, og me nærmar oss no ferdigstilling!  
Snart har me klar «KOR-boksen» som me ser fram til å ta i bruk sjølv, men også dela med andre fagpersonar som arbeider med barn og unge. Me har planar om ein fagdag i oktober, der fleire i dette fagmiljøet vil bli inviterte.

Undervisning: Me har ein del undervisning ulike stader, og i nordfylket har me vore med desse stadane:

Undervisning for ressursjukepleiarane i nettverket, for sjukepleiarar som tar vidareutdanning v/HVL, for helsesjukepleiarar, for lærarar, barnehagekurs for tilsette, fagdag for barn som pårørande, temakafe Kreftforeningen og Barnekreftforeningen.

## Med ynskje om god sommar til alle!



Med helsing frå driftsgruppene for nettverka

Grete Skeie Sørhus og  
Jenny Ann Lid Toft

**Sjukepleienettverket**

Karoline Berge

**Fysioterapi- og ergoterapinettverket**

## Tusen takk for innsatsen de gjer, alle saman!